BØN

*Fader vår, du som er i himmelen.*
*Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.*
*Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.*
*Gjev oss i dag vårt daglege brød.*
*Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn.*
*Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.*
*For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.*

*Ei varm takk til alle som kom og var med oss i dag*

*Familien*

Prest: John Ove Thaule
Organist: Ruben Gjertsen

HEDER
NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

www.nordh-bb.no

© inmemory.no



# Kjellaug Oline Knutsen

✶ 20.08.1933 ✝ 24.11.2022

Dale kyrkje 2. desember 2022

## PRELUDIUM

*Gje meg handa di ven*

## OPNINGSSALME

Ein fin liten blome i skogen eg ser, i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter. Han står der så liten og blyg.

Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd der skuggane tyngja deg må?
Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd, til ringaste blom vil han sjå.

Ein dag vil den stormande vinter deg nå, då vert det vel dødsdagen din.
Då kviler eg lunt og har snøkåpa på, til vårsola kysser mitt kinn.

Som blomen om vinteren visnar eg av, men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav, mi sjel, ho er heime hos Gud!

Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song i himlen, dit døden ei når!

*T Johan Alfred Blomberg 1889 - M Bjørn Eidsvåg 1969*

## SALME FØR TALEN

Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst.
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,
jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.

Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler hans øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner for ham, min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt,
for natten han vil råde med hellig guddomsmakt.

Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.
Han gir meg stav i hånde, han gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vånde på vei til himlen inn.

*T Erling Tobiassen 1932 - M Sigurd Lunde 1947*

## SALME ETTER TALEN

Å, ver hjå meg, for no er kvelden nær, og snart det mørknar, Herre, hjå meg ver! Når all mi hjelp og trøyst har flytt sin veg, du hjelp for hjelpelause, ver hjå meg!

Kor snøgt han dalar, livsens stutte dag, og jordlivs glede med sitt tome jag! Omskifte ser eg kring på all min veg. Å du som ei vert omskift, ver hjå meg!

Eg treng ditt nærvær kvar ei stund som kverv, din nåde einast døyver freisting djerv. Du er min førar og min trygge veg, i skodde og i solskin ver hjå meg!

Kvi ottast meir når du meg signar mildt? Gråt er kje beisk, og sår gjer ikkje ilt. Kvar er din brodd, du daude, spør eg deg. Eg siger vinn, min Jesus er hjå meg!

Syn meg din kross når augo mine brest, lys meg til himlen når det mørknar mest; sjå, morgonroden skin alt på min veg. I liv og daude, Herre, ver hjå meg!

*T H. F. Lyte 1847 - M William Henry Monk 1861*

## SALME ETTER JORDPÅKASTINGA

Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara alt til min døyand dag!
Det er mi høgste æra, det er mi største ros
hans fylgjesvein å vera og vandra i hans ljos.

Du til di grein meg sette alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg vætte, gav sol og signa år.
Du vil òg vokster gjeva alt til min siste slutt:
Lat meg i deg få leva, i deg få anda ut!

*T Elias Blix 1875 - M Antwerpen 1540*

## POSTLUDIUM

*Vitae Lux*